

# Informasjons-tavler etter mal frå turskiltprosjektet

*Utmarksressurs AS i samarbeid med Fluor-Lux AS*

Vi hjelper kundar med å lage tavler etter standard utforming skildra i «Manual turskiltprosjektet». Vi kan også ta på oss å lage tavler etter eigen layout.

## **Før oppstart utarbeiding tavler:**

Først av alt må ein ha ei meining om storleik på tavle, og kva materiale ein skal bruke. Vi anbefalar til parkeringsplass etc. 70 x 50 cm eller større. Til informasjon undervegs tavler i A3 storleik. Vi anbefalar 19mm oppskumma plast på trestolpar. 1,5 mm aluminium på flat vegg. 3 mm aluminium med knekt kant oppe/nede til tavler som skal monterast på stolpar av stål.

## **Mange små endringar undervegs i prosessen er veldig tidkrevjande.**

Vi ønskjer at ein har [heile](#) materiale fullstendig klart før vi startar opp arbeidet. Alle generelle logoar og tekstar (allemannsretten) har vi. Det vi treng frå kunde er tekst, bilde og kart (eller informasjon som skal på kart). I tillegg event. spesielle logoar eller kommunevåpen som de ønsker å ha med.

### **1. Tekst**

- Kort informasjon om kva teksten bør innehalde o.a. finn ein i «Merkehandboka» s. 92 og i «Manual turskiltprosjektet» s. 29. (Nedlasting: [www.merkehandboka.no/www.turskiltprosjektet.no](http://www.merkehandboka.no/www.turskiltprosjektet.no))
- Tekst må vere ferdig redigert.
- Skal tekst i tillegg vere på engelsk (og tysk?) må dette leverast saman med øvrig innhald.

Vi har nokre knep for å få tekst til å passe i våre standard malar, vi kan gå opp eller ned i storleik på teikn etc. Men som ein peikepinn kan ein bruke følgande:

50x70 cm:	totalt ca. 300 teikn
100x70 cm:	totalt ca. 550 teikn
150x107 cm:	totalt ca. 750 teikn

### **2. Bilder**

- 6 – 8 gode bilder med god kvalitet.

### **3. Kart**

- Skal vi lage kart treng vi gpx-fil over turløypa. Dette kan du logge på din GPS, eller du kan laste ned ein app og logge det via denne (t.d. Norgeskart friluftsliv). Gpx-fila sendast per mail til oss.
- Lagar de kart sjølve ønsker vi dette oversendt som ei bilde-fil. (minst oppløysing 150 DPI, greit å få med målestokk) Ta med ekstra terreng rundt turløype, slik at vi kan tilpasse kart til boks på tavle der dette skal plasserast.
- Store endringar vil medføre ekstra kostnader, men noe ekstra piktogram kan vi legge inn («her står du», gapahuk, parkering etc.) greit om vi kan få ei tydelig liste med kor dei skal plaserast.

## **Kontaktinformasjon:**

Oppstart arbeid og kartarbeid:  
**Ole Runar Aabrekk**  
Utmarksressurs AS  
Tlf: 90 58 89 82  
Mail: [post@utmarksressurs.no](mailto:post@utmarksressurs.no)

Utforming av tavle:  
**Patrick Poland**  
Grafisk designer  
Fluor-Lux AS  
Tlf: 57 87 62 88  
Mail: [patrick@fluorlux.no](mailto:patrick@fluorlux.no)